

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 03.06. 2013
 Sakhandsamar: **Hans Stenby og Terje Arne Krokvik**
 Saka gjeld: **Langtidsbudsjett 2014-2018**

Arkivsak

Styresak 073/13 B

Styremøte 19.06. 2013

Forslag til vedtak

1. Styret vedtar langtidsbudsjett for 2014-2018.
2. Resultatkravet for perioden 2013-2018 blir fastsett som følgjer:

Resultat pr. foretak	Langtidsbudsjett					
	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Helse Stavanger	90 000	100 000	122 000	122 000	149 000	149 000
Helse Fonna	34 000	34 000	34 000	35 000	35 000	35 000
Helse Bergen	165 000	220 000	220 000	220 000	220 000	220 000
Helse Førde	5 000	0	0	5 000	30 000	30 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	13 000	17 000	20 000	21 000	25 000	25 000
Helse Vest RHF	0	0	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	308 000	372 000	397 000	404 000	460 000	460 000

3. Helseføretaka må styre og prioritere investeringane innanfor tilgjengeleg likviditet i langtidsbudsjettet. Dersom resultatet endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
4. Dei årlege investeringsbudsjetta blir vedtatt i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. Avgjerda om og gjennomføring av investeringar må følge fastsette retningslinjer for investeringar. Denne saka gir ikkje godkjenning for gjennomføring av dei enkelte prosjekta.
5. Rullering av nytt langtidsbudsjett blir gjort våren 2014 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2014.

1. Innleiing

Styret i Helse Vest behandla i møte den 22.06.2012 sak 077/12 B Langtidsbudsjett 2013-2017. Det blei i denne saka fatta vedtak om at rullering av nytt langtidsbudsjett skal gjerast våren 2013 med sikte på å behandle langtidsbudsjettet for føretaksgruppa før sommaren 2013.

Helse Vest har i eige brev datert 11.01.2013 gitt helseføretaka føresetnader og føringar for utarbeiding av langtidsbudsjett 2014-2018. Som ein del av årets budsjettprosess blir langtidsbudsjettet behandla av styret i Helse Vest før sommaren. Alle helseføretaka har behandla sine langtidsbudsjett i sine respektive styre før denne saka blir behandla i Helse Vest styret. Langtidsbudsjettet for føretaksgruppa er derfor basert på helseføretaka sine langtidsbudsjett.

Administrerande direktør meiner at ein har klart å fange opp dei viktigaste føringane. Det vil bli arbeidd kontinuerleg med å utvikle langtidsbudsjettet.

2. Føresetnader for langtidsbudsjett

2.1 Økonomiske føresetnader

Alle tal i langtidsbudsjettet er uttrykt i 2013 kroneverdi.

Rente på lån til investeringar vil vere ulik for dei ulike lån som helseføretaka har tatt opp tidlegare. Det er lagt opp til at føretaka bruker dei aktuelle rentesatsane for dei ulike låna.

Når det gjeld renteutviklinga i den aktuelle planperioden er det naturleg nok vanskeleg å seie korleis denne vil vere. Den økonomiske situasjonen i Europa er framleis ustabil og dette gjer det endå vanskelegare å vurdere renteutviklinga.

Den flytande renta for investeringslån og driftskreditt i Nores Bank er for første halvår 2013 fastsett til 2,06%. Den lange renta på 5 og 10 års investeringslån var ved inngangen til 2013 på 2,06 og 2,56%. Dette er ein indikasjon på at renta er forventa å bli låg i lang tid framover. Helse Vest har i premissane til helseføretaka lagt til grunn ei rente på 2,1 % ut planperioden. Denne renteføresetnaden gjeld både driftskreditt og investeringslån med flytande rente.

Ved fastsetting av renta er det ikkje tatt omsyn til prisvekst og den verknad denne har på utviklinga i renta.

Det er gjeldande inntektsmodell som blei vedtatt i styremøte den 22/6-2012 med oppdaterte befolningsdata som ligg til grunn for inntektsfastsettelsen i langtidsbudsjettet. Det er lagt til grunn ein generell vekst på 0,6 % i aktivitet. Denne veksten er fordelt på helseføretaka med basis i inntektsmodellen. Det blir her vist til pkt. 2.2.1 for nærmare omtale av vekstføresetnaden.

2.2 Plangrunnlag

Utgangspunkt for helseføretaka sine langtidsbudsjett er neverande opptaksområde og funksjonar. Det kan bli endringar i oppgåvefordelinga mellom føretaka i langtidsbudsjettperioden. Eventuelle endringar må handterast om det blir aktuelt. Langtidsbudsjettet har eit perspektiv på 5 år, dvs. frå 2014-2018.

I plangrunnlaget for utarbeiding av langtidsbudsjettet inngår vurderingar knytt til:

1. Utvikling av behovet for tenester i føretaket
2. Nasjonale og regionale føringar, under dette dei føringar som følgjer av Helse 2020.
3. Korleis føretaket vil møte behova og følgje opp føringane.
4. Korleis føretaka kan utvide og tilpasse tenestene for å møte utfordringane innanfor påreknelege økonomiske rammer.

5. Situasjonen knytt til personell og kompetanse, bygg og utstyr, IKT og anna viktig infrastruktur.

2.2.1 Utvikling i behovet for tenester

Alle helseføretaka har gjort vurderinger om forventa utvikling i behovet for tenester innafor sitt opptaksområde. Det er lagt til grunn kunnskap om korleis befolkningsutvikling, sjukdomsutvikling, utvikling innan medisinsk teknologi og forventningane til helsetenestene vil påverke behovet og etterspurnad etter tenester.

Sjukdommar som er venta å auke er muskel- og skjelettlidningar, kreftsjukdommar, livstilsjukdommar, infeksjonsrelaterte problem, psykiske lidningar, rus og kroniske sjukdommar.

Nye og betre medisinske metodar vil også bety at fleire vil leve med kroniske sjukdommar.

Viktige verkemedel i samhandlingsreforma blei sett i verk frå 01.01.12, - ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester, endringar i spesialisthelsetenestelova og økonomiske ordningar for å stimulera til overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta til kommunane.

Helseføretaka har i perioden frå 01.01.12 fått noko erfaring med samhandlingsreforma og dei økonomiske ordningane.

Samla var det i 2012 ca. ei halvering av liggedøgna for utskrivingsklare pasientar. Helse Bergen har likevel i 2013 opplevd at talet på utskrivingsklare pasientar har auka igjen.

Berre 9 kommunar søkte og fekk godkjent søknad om etablering av døgnplassar for øyeblikkelig hjelp i 2012. I 2013 har 32 nye kommunar søkt og fått godkjenning. Erfaringa frå plassane som blei etablert i 2012 er at det tar tid å opparbeide bruk av plassane. Helseføretaka må følgje bruken av plassane tett i samarbeid med kommunane for å sikre at tilbodet blir ein reell avlastning for helseføretaka.

Det er så langt ikkje grunn til å forvente at ordninga med kommunal medfinansiering har hatt nokon effekt.

Alle helseføretaka har vurdert korleis samhandlingsreforma vidare framover vil innverke på fordeling av oppgåver mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Det er ei utfordring for helseføretaka å tilpasse sin aktivitet til utviklinga i kommunane samstundes som det også er eit press for å auke aktiviteten som følgje av fleire eldre og for å redusera ventetida.

Med basis i SSB sin framskriving av befolkningstala vil ein i perioden frå 2013 til 2018 få ein samla befolkningsvekst på 7,3 %. Denne veksten fordeler seg på helseføretaka som følgjer:

Helse Stavanger	9,0 %
Helse Fonna	6,0 %
Helse Bergen	7,6 %
Helse Førde	3,0 %

Framskrivinga er basert på ein middels nasjonal vekst. Veksten i folketalet vil vere størst i Helse Stavanger sitt område, medan Helse Førde vil ha den lågaste veksten. Dette er eit forhold som vil påverke den framtidige bestillinga og fastsetting av inntektsfordelinga.


Kor mykje av den samla veksten innafor pasientbehandlinga som vil skje i spesialisthelsetenesta og i kommunane vil førebels vere vanskeleg å anslå. Sjølv om kommunane på sikt skal overta ein større del av pasientbehandlinga, vil det med utgangspunkt i den høge befolkningsveksten samt dei demografiske forholda, framleis vere ein vekst innafor spesialisthelsetenesta.

Etter ein samla vurdering blir det her lagt opp til ein samla årleg vekst innafor spesialisthelsetenesta i Helseregion Vest på 0,6 %.

Veksten vil vere ulik for dei enkelte helseføretaka. I tabellen under er det vist fordelinga av vekst for kvart av helseføretaka med utgangspunkt i 0,6 % vekst. Fordelinga er gjort med basis i framskriving av SSB sine befolkningstal:

Årstall	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Total
2013-2014	0,8 %	0,4 %	0,7 %	0,0 %	0,6 %
2014-2015	0,8 %	0,4 %	0,6 %	0,1 %	0,6 %
2015-2016	0,8 %	0,4 %	0,6 %	0,1 %	0,6 %
2016-2017	0,8 %	0,4 %	0,6 %	0,1 %	0,6 %
2017-2018	0,8 %	0,4 %	0,7 %	0,1 %	0,6 %

Veksten målt i DRG poeng har vore høg dei seinare åra. Samtidig kan ein sjå ein utflating i denne veksten i Helse Fonna og Helse Førde. I tabellen under er det vist korleis utviklinga har vore pr. helseføretak:



Det er Helse Bergen og Helse Stavanger som har hatt den største veksten dei seinare åra (I 2010 blei somatisk poliklinikk innlemma i ISF ordninga). Helse Fonna hadde ein vekst i 2012, men då samanlikna mot 2011 der dei hadde ein nedgang. Siste 2 åra sett under eit viser ein utflating for Helse Fonna. Helse Førde har hatt ein svak nedgang dei siste åra.

I utarbeiding av langtidsbudsjettet er det lagt opp til at ein kan sjå endring i ISF inntekt i samanheng med endring i basisramma. Dette inneber at helseføretaka kan legge til grunn ein vekst i ISF inntekt og basisramme som samsvarer med veksttala i tabellen ovanfor. Helse Vest legg med dette til grunn prinsippet om at vekst i pasientbehandling blir kompensert i basisramma og blir vidareført i dei kommande års statsbudsjettet. I tillegg er det forventa at den nasjonale inntektsmodellen vil gje Helse Vest ein positiv fordelingseffekt dei kommande åra.

2.2.2 Nasjonale og regionale føringar

Følgjande dokument gir sentrale føringar for utvikling av spesialisthelsetenesta og utarbeiding av langtidsbudsjettet:

- Statsbudsjettet for 2013 gir sentrale overordna føringar og viktige satsingsområde.
- Samhandlingsreforma med ny kommunal helse- og omsorgslov, endringar i spesialisthelsetenestelova og nye forskrifter gir viktige føringar for omstilling, oppgåve- og funksjonsfordeling mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta.
- Nasjonal helse- og omsorgsplan gir også viktige føringar for oppfølging av samhandlingsreforma.
- Oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF og styringsdokumenta til helseføretaka
- Helse 2020 - Helse Vest sitt overordna strategidokument

- Plandokumentet for Helse Vest og helseføretaka i årleg melding

Helseføretaka er bedt om å gjere kort greie for korleis sentrale føringer og eksisterande planer er integrert og lagt til grunn for utarbeiding av langtidsbudsjettet. Det gjeld m.a. korleis dei har handtert dei ulike satsingsområda som m.a. kvalitet og pasienttryggleik, reduserte ventetider, kreftbehandling, hjerneslag, rusbehandling, psykisk helsevern og samhandlingsreforma, jf styringsdokument for 2013.

Kvalitet og pasienttryggleik må ha eit klart fokus og styringskrava knytt til fristbrot og reduksjon av ventetid må fotsatt stå ved lag.

Helseføretaka blei om bedt å gjere ei vurdering av:

- om helseføretaket har naudsynt personell og kompetanse for å løyse oppgåvene og eventuelt kva som må gjerast for å sikre det
- behovet for oppgradering/fornying av medisinsk teknisk utstyr
- IKT-løysingar
- om situasjonen når det gjeld bygg og anna infrastruktur er tilfredsstillande eller krev fornying for å understøtte god og effektiv drift
- om helseføretaket har organisert og lagt til rette verksemda slik at ressursbruken blir mest mogeleg effektiv og at tenestene både internt og mellom nivå er godt samordna og gir gode og samanhengande pasientforløp.

Aktivitets- og bemanningsplanlegging må haldast saman slik at dei kostnadsmessige konsekvensane blir synleggjort. God planlegging av arbeidsprosessar og aktivitetar vil kunne bidra til betre bruk av personellressursar og på den måten skape ei meir optimal drift. Helseføretaka må gjere greie for korleis ein vil tilpasse seg desse forholda i langtidsbudsjettet.

2.2.3 Helse 2020, regional handlingsplan

Langtidsbudsjettet må bygge på Helse 2020 og det må være ein nær kopling mot dei tre måla:

- Trygge og nære helsetenester
- Heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk
- Ein framtidssrettta kompetanseorganisasjon

Viktige satsingar i perioden vil vere m.a. følgjande:

- kvalitet og pasienttryggleik inkludert sikker legemiddelbruk og handtering
- god samhandling internt og med kommunehelsetenesta
- utvikling av robuste fagmiljø og berekraftige organisasjoner
- rett prioritering av helsetenester
- utvikling av brukarperspektivet og pasientrolla
- organisere tenestene slik at dei understøttar gode pasientforløp og effektiv ressursbruk
- kompetanse

Tilbodet til barn og unge er viktig, også i eit førebyggande perspektiv.

Det gjeld også dei organisatoriske utfordringane som m.a. no aktualiseras seg knytt til logistikk og forløp innan kreftbehandling og behandling av pasientar med hjerneslag.

Det er vidare lagt til grunn at ventetidene må reduserast slik at det ikkje blir fristbrot og at pasientar som skal ha hjelp i spesialisthelsetenesta men ikkje har rett til naudsynt helsehjelp, får dette utan urimeleg venting. Ingen pasientar skal vente lengre enn 1 år.

2.2.4 Korleis vil helseføretaka møte behova og følgje opp føringerne

Alle helseføretaka har gjort vurderinger og lagt planer for korleis dei skal møte utfordringane og følgje opp regionale og nasjonale føringer innan påreknelege rammer.

Samhandlingsreforma er sentral i alle helseføretak sjølv om det er vanskeleg og seie presist kor stor innverknad den vil ha på kapasiteten i spesialisthelsetenesta. Det blir lagt vekt på kompetanseutvikling og kompetanseoverføring og utvikling av gode pasientforløp i samarbeid med kommunane.

Det gis her ei kort oppsummering av hovudpunkt frå kvart helseføretak.

Helse Førde

Det vil vere ein lågare vekst i folketalet i Helse Førde sitt opptaksområde samanlikna med dei andre føretaka i Helse Vest. Det vil likevel skje ei utvikling med fleire eldre og tilhøyrande endring i sjukdomsbilete. Det vil vere behov for å utvikle tilbodet innan geriatri, alderspsykiatri og førebygging. Det er også behov for å styrke habilitering og rehabilitering i spesialisthelsetenesta.

Utviklinga må understøttast med rett kompetanse, tilstrekkelig fagpersonell og god utnytting av personellressursane. Det blir peika på at utdanning, kompetanseutvikling og kompetanseoverføring også er viktig for å støtte opp under samhandlingsreforma.

Det vil vere behov for noko vidare omstilling, endring av personell og kompetansesamansetjing. Helse Førde vil nytte forbetningsprogrammet sin metodikk med involvering av tilsette, tillitsvalde, vernetjeneste og leiarar på alle nivå.

Helse Førde må arbeide vidare med å konkretisere omstillingstiltak og driftstilpassingar for å realisere resultatkravet i langtidsperioden. Det bør vere særleg merksemd knytt til:

- rusområdet
- prehospitalte tenester
- driftsendringar som følgje av samhandlingsreforma
- informasjonsteknologi og gevinstrealisering

Forbetring av arbeidsprosessane og utvikling av samanhengande pasientforløp internt og i samhandling med kommunane blir framheva. Likeeins arbeid med standardisering og like prosedyrar.

Rekruttering av legespesialistar og anna helsepersonell vil vere sentralt ikkje minst for å ta i vare eit aukande tal eldre, kronikarar og pasientar med psykiske lidingar. Det må vurderast ny oppgåvefordeling mellom ulike helsepersonellgrupper slik at kompetansen blir nytta på ein god måte.

Fornying av utstyr og betre bruk av IKT løysingar er viktig for å forbetre arbeidsprosessane.

Helse Førde er i ferd med å utarbeide ein samla arealplan for føretaket. Den skal vere ferdig i 2013 og bidra til å gi svar på korleis dagens byggløysingar og anna infrastruktur kan forbetraast for å understøtte og gjere tenesteytinga betre.

Av større byggeprosjekt er ny base for luftambulansen/nytt prehospitalt bygg sett i gang. Det vil elles vere behov for å skaffa nye lokale innan psykisk helsevern i åra framover.

Helse Bergen

Helse Bergen har, basert på utfordringane i sitt strategidokument, valt ut seks strategiske satsingsområde:

- samhandling både internt i føretaket, med kommunane og andre samarbeidspartar
- rask og rett diagnostikk som føresetnad for rett behandling og gode pasientforløp
- høgspesialisert intervension og kirurgi
- kreftområdet
- rusområdet
- psykisk helsevern for born og unge

Det er vesentleg med god samhandling både internt og med kommunane. Det er viktig å bli ein god partner for kommunane og utvikle heilskapleg og koordinerte pasientforløp mellom nivå understøtta av IKT-system som støtter opp om god informasjonsutveksling.

Det vil bli meir fokus på logistikk, pasientforløp med kortare liggetid, meir dagutgreiing og poliklinikk. Rask og rett diagnose er ein føresetnad for gode pasientforløp. Det er naudsynt med utvida diagnostisk kapasitet.

Innan kirurgi går utviklinga i retning meir skånsame metodar. Fleire inngrep kan skje lapraskopisk eller robot rettleia. Det gir også grunnlag for meir dagkirurgiske inngrep.

Nye og effektive medisinar vil gi auka medikamentkostnad.

Det er viktig å ta høgde for auken i krefttilfelle og legge til rette for hurtig diagnostikk og gode forløp for pasientane.

Rusbruk kan gi både psykisk og somatisk sjukdom og det kan vere vanskelig å utforme gode behandlingstilbod. Betre samhandling både internt og med primærhelsetenesta er viktig.

Helse Bergen held også fram psykisk helsevern for barn og unge som eit satsingsområde. Tidleg hjelp er viktig for å førebygg andre lidingar også.

Viktige tiltak for å møte utfordringane er:

- meir dagkirurgi – nye dagkirurgisk eining opnar i 2013
- fleire operasjonsstover og betre kapasitet for thorax-kirurgi
- nye mottaksentraler som vil innverke på mottak og oppfølging av pasientane i heile sjukehuset – tidlig diagnostikk og avklaring av behandlingsbehov
- med ferdigstilling av Kronstad DPS er alle DPS-funksjonane samla for alle DPSa og styrker føresetnadane for betre ressursbruk
- BUSP fase 1 med samling av barne- og ungdomspsykiatrien m.v. er sett i gang

Tilbodet til rusavhengige er styrka dei siste åra og eit godt grunnlag for vidare utvikling er lagt.

Helse Bergen vil framover også ha eit stort ansvar for forsking og innovasjon som grunnlag for ei betre og meir effektiv helseteneste.

Helse Fonna

Helse Fonna vil legge til rette for heilskapleg behandling og effektiv ressursbruk til beste for pasientane. Innbyggjarane skal få behandling nær der dei bur for dei vanligaste lidingane.

Helse Fonna visar korleis dei vil møte dei store utfordringane innan psykisk helsevern og rusmiddelbruk. Omstilling og utvikling er samla i ein eigen plan for områda. Det blir m.a. meir vekt på polikliniske og ambulante tenester både overfor barn og vaksne.

Det er også gjort greie for korleis tilbodet bør utviklast overfor medisinske pasientar, til dømes rask utgreiing, behandling og rehabilitering av slagspasientar, utgreiing og behandling av kreftpasientar og pasientar med ulike infeksjonssjukdommar.

Innan kirurgi blir det vist til auke i talet på krefttilfelle, utvida ansvar knytt til brystkreft behandling/kirurgi og arbeidet med å sikre gode forløp for pasientane.

Tilgang på medisinske støttetenester, biletdiagnostikk og patologiske tenester, er særleg viktig å styrke for å sikre rask diagnostikk og behandling av kreftpasientar

IKT-løysingar må nyttast til forbetring av arbeidsprosessar, understøtte gode pasientforløp og samla gi betre ressursutnytting.

Det er også viktig å styrke rekruttering av fleire grupper helsepersonell og vurdere betre bruk av kompetanse. Det må leggjast til rette for utdanningsløp for legar i utdanning og i samarbeid med dei andre helseføretaka vidareutvikle leiarrolla på alle nivå.

Innan bygg er det m.a. vist til det store vedlikehaldsetterslepet som gjer det naudsynt å styrka midlane til drift og vedlikehald. Det går føre seg arbeid med ein arealplan som vil legge grunnlag for prioritering av nye investeringar i bygg i perioden. Det er likeeins behov for investeringar i medisinsk teknisk utstyr. Samla skal det sikre betre pasientforløp og logistikk.

Det blir også vist til at det kan skje endringar i opptaksområdet, jf prosjekt knytt til Indre Hardanger.

Helse Stavanger

Det blir forventa ein auke i behovet for tenester samla som følge av fleire innbyggjarar i området og fleire eldre. Det et samstundes vanskeleg å seie kor mykje av veksten som vil kome i spesialisthelsetenesta og kommunane.

Helse Stavanger trekk m.a. fram god kapasitet på biletdiagnostikk for tidlig å stille rett diagnose, kostnader ved moderne medikamentell behandling, behovet for å auke tilbodet til rusavhengige og styrke sikkerheitspsykiatrien.

Kvalitetsforbetring og betring av pasientlogistikken samt standardisering av behandlingsforløp vil vere sentralt i kommande 5-års periode.

Oppbygging av kapasiteten innan dagbehandling/dagkirurgi er ei viktig satsing og vil gi merkbar aktivitetsvekst. Pasientane vil få betre tilgjenge til behandlingstilbod i Helse Stavanger og redusera gjestepasientutgiftene.

Det blir lagt til grunn ein liten auke i talet på senger i perioden.

Det er også forventa at teknologisk utvikling og bevisst satsing på IKT i perioden vil gi positiv effekt for behandlingsforløpa.

Helse Stavanger vil også auke satsinga på forsking i perioden. Forsking og fagutvikling er naudsynt for at personell på alle nivå skal ha høg fagleg standard i sitt arbeid. Det er viktig å legge til rette for at ny kunnskap effektivt kan implementerast i pasientbehandling.

Det er store utfordringar knytt til dagens bygningsmasse. Det gjeld både etterslep på vedlikehald, og behov for betre og meir funksjonelle lokale.

Bygging av Stavanger DPS er sett i gang. Den 3. etasjen i MOBA-bygget med intervensionsenter skal ferdigstillast og arbeidet med ein samla utbyggingsstrategi for føretaket går føre seg. Det blir arbeidd med ulike alternativ, - utbygging på noverande tomteområde (Våland), nytt sjukehus på ny tomt og delte løysingar.

Sjukehusapoteka Vest

Sjukehusapoteka Vest (SAV) er leverandør av legemidlar og farmasifaglege tenester til dei andre helseføretaka. Utvikling og resultat for SAV må såleis i stor grad bygge på forventa utvikling i pasientbehandling og økonomiske rammer for helseføretaka.

Sjukehusapoteka Vest har i sitt forslag til langtidsbudsjett elles tatt utgangspunkt i sin eigen strategiplan og har i langtidsbudsjettet spesielt tatt omsyn til følgjande:

- utvikling av SAV som ein kompetanseorganisasjon
- vidare satsing på rådgjevingstenester og service til sjukehusa
- vidare effektivisering av interne prosessar gjennom investering i automatisering av ekspedisjonane
- bygge om og tilpasse lokale

- tilpasse organisasjon og oppgåvefordeling til innføring av nye teknologiar, system og tenester

Det er med basis i dette gjort vurdering av aktivitet, inntekter, bemanning og personalkostnadar og investeringar. Investeringane er knytt til ombygging av lokale i Stavanger og Haugesund og det er sett av midlar til medfinansiering av lagerløysingar/elektroniske legemiddelkabinet.

Helse Vest IKT

Helse Vest IKT er ein leverandør av IKT tenester til dei andre helseføretaka. Dei er såleis ein viktig premissleverandør for føretaka sine IKT budsjett. I langtidsbudsjettet har dei i stor grad brukt fordelingsnøklar og sjablongar framfor konkrete vurderingar av kva system som skal prioriterast i investeringsporteføljen. Dette gjeld også fordelinga mellom føretaka. Det vil ved kommande rullering av langtidsbudsjettet bli lagt opp til ein betre dialog med helseføretaka for å sikre rett prioritering av investeringsporteføljen. Dette arbeidet vil starte opp i haust i forbindelse med budsjettarbeidet for 2014.

Helse Vest IKT har tatt spesielt høgde for følgjande forhold i langtidsbudsjettet:

- Bemannning – Det er lagt opp til auka aktivitet som følgje av fleire prosjekt, og auka etterspørsel frå føretaka på ressursar knytt til innføring av nye system. Det er og lagt vekt på innsparing/effektivisering, mellom anna som følgje av konsolidering EPJ og felles PC-plattform.
- Det er lagt opp til auka kostnader ut over i perioden knytt til Microsoftlisensar. Dette heng saman med oppgradering av Officepakken.
- Gevinstrealisering i eiga drift/effektivisering
 - Konsolidering av EPJ frå fire til ein database
 - Ny PC-plattform gir god effekt i form av færre feil, enklare utrulling av versjonar m.m.
 - Overvakningssenteret førebygger feil som vil elgje mykje ressursbruk for feilretting, og vil gje meir effektiv drift i åra framover.
 - Samlepunktet vil ved auka automatisering av prosess for tilgang kunne gje meir effektiv drift i åra framover

2.2.5 Økonomisk utfordring og resultatkrav

Helse Vest har i 2012 levert positivt resultat for fjerde år på rad og det beste resultatet nokon sinne. Resultatet for 2012 blei eit overskot på kr 565 mill. Budsjettet var på kr 231,9 mill. Det er viktig at føretaksgruppa klarer å skape positive resultat da dette er nødvendig for å kunne handtere investeringsplanane og utvikle verksemda vidare.

Helseføretaka må som hovudregel handtere investeringsbehovet innafor den likviditet ein klarer å skape gjennom drifta. Det er fleire store investeringsprosjekt som ligg føre i åra som kjem. Det er derfor heilt nødvendig at føretaksgruppa klarer å generere positive resultat slik at ein klarer å tilføre nok likviditet til å løfte investeringane.

Under førre sak om langtidsbudsjett som vart behandla av styret i juni 2012 blei det fatta vedtak om at resultatkravet fram mot 2017 måtte aukast opp mot 460 mill. for å klare å handtere investeringsbehovet. Helseføretaka har i samband med rulleringa av sine langtidsbudsjett gjort ei nærmare vurdering av nødvendige omstillingstiltak for å tilpasse drifta i tråd med dei økonomiske rammene slik at dei kan tilpasse seg resultatkravet.

I tabellen under er det vist eit samandrag av budsjettert resultatutvikling som ligg til grunn i føretaka sine langtidsbudsjett fram til år 2018:

Langtidsbudsjett						
Resultat pr. foretak	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Helse Stavanger	90 000	100 000	122 000	122 000	149 000	149 000
Helse Fonna	34 000	34 000	34 000	35 000	35 000	35 000
Helse Bergen	165 000	220 000	220 000	220 000	220 000	220 000
Helse Førde	5 000	0	0	5 000	30 000	30 000
Helse Vest IKT	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Sjukehusapoteka Vest	13 000	17 000	20 000	21 000	25 000	25 000
Helse Vest RHF	0	0	0	0	0	0
Sum føretaksgruppa	308 000	372 000	397 000	404 000	460 000	460 000

Som ein ser skal resultatkravet aukast frå kr 308 mill. i 2013 til kr 460 mill. i 2018. Det er spesielt Helse Stavanger som vil ha ein krevjande utfordring då dei i 2012 leverte eit balanseresultat, og så langt i 2013 har utfordringar med å nå resultatkravet på kr 90 mill. Samtidig har dei store investeringsplanar som føreset at dei klarer å levere i tråd med resultatkravet. Helse Bergen skal og auke resultatet samtidig som dei skal handtere ein underliggjande aktivitets og kostnadsvekst. Det same forholdet vil og gjelde for Helse Fonna samt Helse Førde på kostnadssida.

Sett i lys av dette er derfor resultatutfordringa i åra som ligg føre oss framleis stor. Dette inneber at føretaka må ha kontinuerleg fokus på omstillingar/gevinstrealisering og tilpasse drifta i forhold til dei økonomiske rammene ein klarer å skape slik at dei får tilstrekkeleg økonomisk handlingsrom.

Det er og ein generell risiko knytt til resultatutviklinga som ligg i føretaka sine langtidsbudsjett. Utviklinga i samhandlingsreforma vil spele ein viktig rolle. Kor stor del av aktiviteten som kommunane klarer å ta over frå spesialisthelsetenesta kommande åra vil framleis vere usikker. Det er derfor viktig at helseføretaka fortsett held fokus på denne utviklinga og på ein god måte klarer å tilpasse seg eit endra driftsnivå samt klarer å ta inn over seg dei endringane som følger av samhandlingsreforma.

Dette inneber at krav om positiv resultatutvikling må skje gjennom meir effektiv drift. Føretaka må derfor jobbe kontinuerleg med å omstille verksemda. Det er viktig at ein i tillegg til dei meir kortsiktige tiltaka og får sterkare fokus på langsiktig omstillingsbehov. Føretaka må jobbe kontinuerleg med å forankre tiltaka i organisasjonen og innarbeide desse i framtidig rullering av langtidsbudsjett.

Helse Stavanger nådde ikkje sitt budsjett i 2012 og oppnådde eit resultat på kr 1,7 mill. som ga eit negativt budsjettavvik på kr 48,3 mill. Resultatkravet for 2013 er på kr 90 mill. Pr. april 2013 ligg føretaket med eit minusresultat på kr 4,7 mill. Dei har no justert årsprognosene ned til kr 60 mill. Sett i lys av utviklinga så langt i 2013 er det knytt ein betydeleg risiko til om de klarer denne prognosene også. Det kan derfor vere ei betydeleg utfordring for føretaket å nå eit resultatkrav i 2014 på kr 100 mill. Dette vil krevje eit omfattande omstillingsarbeid for å sikre at føretaket har tilstrekkeleg økonomisk berekraft til å gjennomføre investeringsplanen. Dette vil være særdeles viktig for Helse Stavanger då dei har planar om eit betydelig utbyggingsprosjekt.

Helse Fonna nådde ikkje heilt resultatkravet sitt for 2012, men det ser likevel ut som om dei har klart å styre seg inn på rett veg. Resultatet for 2012 blei på minus kr 25 mill. I dette resultatet ligg det ein nedskriving av bygg med kr 19 mill. Tar ein omsyn til dette var resultatet minus kr 6 mill. Resultatkravet var kr 0. For 2013 er resultatkravet fastsett til pluss kr 34 mill. Føretaket rapporterer pr. april ein prognose som er i tråd med resultatkravet. Føretaket ligg pr. april om lag kr 8 mill. bak resultatkravet og har derfor fortsatt ei omstillingsutfordring og må tilpasse kostnadene i tråd med rammene og resultatkrav.

Helse Bergen leverte i 2012 eit positivt resultat på om lag kr 209,6 mill. Dette var kr 42,6 mill. betre enn budsjett. Resultatkravet i 2013 er på kr 165 mill. og føretaket rapporterer så langt ei prognose som er i tråd med dette resultatkravet. Utviklinga pr. april viser at dei styrer i tråd med budsjettkravet. Resultatkravet for 2014 og utover i planperioden er sett til kr 220 mill. Sjølv om Helse Bergen i 2012 har levert eit resultat tett på det framtidige resultatkravet, har føretaket likevel fleire områder som dei må gjere nødvendige tilpassingar innafor slik at dei klarer å skape seg eit tilstrekkeleg økonomisk og finansielt handlingsrom.

Helse Førde har som det einaste føretaket fått godkjenning for eit negativt resultatkrav i 2012. Resultatkravet i 2012 var på minus kr 40 mill., og føretaket leverte eit resultat som var om lag kr 15 mill. därlegare enn kravet. Avviket skuldast i sin heilskap nedskriving på bygg. For 2013 er resultatkravet sett til pluss kr 5 mill., og føretaket melder i sin rapportering pr. april at årsprognosene er i tråd med dette resultatkravet. Resultatutviklinga pr. april viser at dei er i rute i forhold til å nå resultatkravet. Det er viktig at føretaket held fokus på dei omstillingane som er sett i gang slik at dei kan sikre den gode utviklinga som har vore det siste året, og legg grunnlaget for eit positivt resultat i kommande år. Dette vil vere heilt nødvendig for at føretaket skal klare å handtere investeringsplanen og utvikle seg vidare.

I forslag til vedtak om framtidig resultatkrav er det tatt utgangspunkt i helseføretaka sine vedtak i langtidsbudsjetta, avrunda til nærmaste heile mill. kroner. Dersom helseføretaka ønskjer å forbetre resultatkravet ytterlegare for å kunne handtere investeringar, kan dei sjølvsagt gjøre det.

3. Investeringar og finansiering

Helseføretaka må som ein hovudregel finansiere sine investeringar innafor den likviditet dei klarer å skape gjennom drifta. Det er berre store investeringar som er omtalt i statsbudsjettet som ein kan pårekna å få lånefinansiert frå staten. Pr. i dag gjeld dette nytt barne og ungdomssenter i Helse Bergen (BUP) med ein total låneramme på om lag kr 700 mill.

I tabellen under er det vist eit samandrag av dei føresetnadane helseføretaka har lagt inn i sine langtidsbudsjett når det gjeld økonomisk og finansiell bærekraft:

Kontantstrøm til å dekke investeringar:

Beløp i heile tusen kroner	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	308 412	372 319	397 032	404 183	459 553	460 792
+ Avskrivning	1 102 602	1 062 334	1 084 983	1 100 362	1 074 611	1 103 009
+ Nedskriving anleggsmidlar	3 759	3 759	3 759	3 759	3 759	3 759
= Kontantstrøm frå drifta	1 414 773	1 438 412	1 485 774	1 508 304	1 537 923	1 567 559
- Resultatavvik året før	333 118	0	0	0	0	0
+ Nedskriving anleggsmidlar 2012	43 806					
+ Oppnak av nye lån	185 000	135 000	157 000	227 000	390 000	410 000
- Avdrag lån	-114 806	-144 200	-143 100	-173 400	-185 400	-197 900
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	0	0	0	0	0	0
+ Sal av anleggsmidlar	33 000	42 000	30 000	15 000	0	0
+ Gåver	0	0	0	0	0	0
+/- Likviditet frå førre år *)	511 400	0	0	0	0	0
+/- anna	44 100	50 000	50 000	50 000	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	2 450 391	1 521 212	1 579 674	1 626 904	1 742 523	1 779 659

*) Likviditet overført frå 2012 gjeld i hovudsak følgjande:

- Helse Stavanger: Kr 147,6 mill. - Stavanger DPS, Kardiologisk intervension, PCI lab 1 og 2, MOBA ny etasje samt ein rekke mindre byggeprosjekt som er utsett
- Helse Bergen: kr 180 mill. – diverse byggeprosjekt som har ein seinare/endra framdrift
- Helse Førde: kr 5,8 mill.
- Sjukehusapoteka vest: 28 mill.
- Helse Vest RHF: kr 150 mill. knytt til tildelt lån Helse Stavanger og Helse Førde som ikke er utbetalt enno

Resultatet for 2012 blei kr 333 mill. betre enn budsjett. Dette styrkar investeringsevna i føretaksgruppa tilsvarande.

